



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
13.02.2018
Dykkar dato
15.12.2017

Vår referanse
2012/1775- 563
Dykkar referanse
201703998-2 kv/jfj

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om utviding av Dyrnesli kraftverk, Høyanger kommune

Vi viser til oversendinga 15.12.2017, med søknad frå Vadheim Kraft AS om konsesjonspliktvrdering for utviding og modernisering av Dyrnesli kraftverk.

Planen er å etablere av vassveg i fjell, og auke vassutnyttinga ved å auke største slukeevne frå 79 % til 109 % og redusere minste slukeevne frå 8 % til 2 % av middelvassføringa. Ny kraftstasjon skal etablerast rett sør for den eksisterande kraftstasjonen. Utvidinga vil gi eit årleg auka energiutbytte på 22 GWh, derav 10 GWh vinterkraft.

Vi skal vurdere om prosjektet får konsekvensar for viktige allmenne interesser, eller for andre av våre ansvarsområde.

Vurdering

Utviding og modernisering av kraftverk er eit viktig bidrag i den nasjonale satsinga på grøn kraft. Opprusting av eksisterande kraftverk vil også ofte vere betre for natur- og landskapsinteressene enn kraftutbygging i ikkje utbygde vassdrag. Ved ei konsesjonspliktvrdering skal det vurderast om allmenne interesser vert råka i eit slikt omfang at det oppstår konsesjonsplikt.

Ved konsesjonsfritak for opprustingsprosjekt vil gjeldande konsesjonsvilkår for eksisterande konsesjon verte gjeldande for den nye utbygginga. For Dyrnesli kraftverk eksisterer det ikkje konsesjonsvilkår som kan sikre naturmiljøet ved vassdraget, sidan utbygginga skjedde før vassdragsreguleringslova tredde i kraft. Denne reguleringa fell dermed også utanom revisjonsordninga som kan sikre moderne naturforvaltningsvilkår for gamle konsesjonar.

Vassdrag gir livsgrunnlag for vasstilknytt flora og fauna, og er også landskapselement med verdi for friluftsliv og turisme. Redusert vassføring og tekniske inngrep etter kraftutbygging vil dermed kunne vere negativt for naturmiljøet og landskapsopplevinga.

Vi kjenner ikkje til viktige naturtypar eller raudlistearter knytt til elva, men dette er heller ikkje undersøkt. For å sikre at krava i naturmangfaldlova § 8 vert ivarettatt, bør det biologiske mangfaldet i og ved elva kartleggjast før det eventuelt vert opna for ei utviding av kraftverket.

Vi er kjende med at det er fiskeinteresser knytt til dei reguleringspåverka vatna i Dyrneslivassdraget, men vi har ikkje kunnskap om bestandssituasjonen. Fordi det ikkje er gitt konsesjon med naturforvaltningsvilkår for den eksisterande utbygginga, har vi ikkje kunne påleggje utbyggar å prøvefiske Røyrvikvatnet eller dei andre reguleringspåverka vatna. Dei har dermed også falle utanom prøvefiskeprogrammet vi har i samarbeid med andre vassdragsregulantar i Sogn og Fjordane. Det må fastsetjast naturforvaltningsvilkår i ein eventuell konsesjon, slik at også desse reguleringspåverka vatna kan følgjast opp med pålegg om prøvefiske ved behov, og eventuelt avbøtande tiltak.

Dei øvre delane av vassdraget, med dei reguleringspåverka vatna, ligg i eit regionalt viktig friluftsområde. Det er ikkje planlagt å auke reguleringsnivået i Røyrvikvatnet, men den gjennomsnittlege vasstanden vil verte redusert med 1,6 m etter utvidinga. Lågare vasstand i barmarkssesongen, og dermed større tørrlagt strandsone, er negativt for landskapsopplevinga og kan auke problemet med tilkomst til vatnet med båt.

Slukeevna i Dyrnesli kraftverk, også inkludert den planlagde auka, er låg samanlikna med elvekraftverk som får konsesjon i dag. På grunn av manøvreringa av reguleringsmagasinet i Røyrvikvatnet er Dyrneslielva likevel tørrlagt store delar av året, og det er berre i flaumsituasjonar at det renn vatn i elveløpet. Dyrneslielva kan vere eit mektig syn i flaumperiodar, men elveløpet ser ut til å vere synleg berre frå mindre område av fjorden eller vegen opp dalen. Utvidinga av kraftverket vil redusere dynamikken i vassføringa ytterlegare samanlikna med tilstanden i dag, og dette vil auke den negative effekten av reguleringa på naturmiljøet og landskapsopplevinga.

Vi legg til grunn at det vert stilt krav til god landskapstilpassing for alle nye tekniske anlegg med infrastruktur. Vassveg i tunnel er positivt for landskaps- og friluftinteressene, men vil generere meir masse enn det som trengs til utbygginga. Overskytande massar etter utbygginga på inntil 2000 m³ er planlagt deponert på djupt vatn utanfor kraftstasjonen, og det må avklarast med Fylkesmannen om tiltaket krev løyve etter ureiningsregelverket. Vi føreset at det vert planlagt å nytte massen til samfunnsnyttige føremål, så langt dette er mogleg.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Vi minner om at forskrifta ikkje opnar for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

For anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve. Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav etter ureiningslova. Særleg fordi kraftstasjonen er planlagt nær bustad, må det vurderast støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen, jf. T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging».

Konklusjon

Utviding og modernisering av eksisterande kraftverk er eit viktig bidrag i den nasjonale satsinga på grøn kraft, men det må setjast moderne miljøkrav også til slike vasskraftprosjekt. Det er nødvendig å kartleggje naturmiljøet ved Dyrneslielva, for å kunne vurdere konsekvensane av utvidinga og eventuelt behov for avbøtande tiltak. Vidare må det fastsetjast standard naturforvaltningsvilkår i ein eventuell konsesjon. Fylkesmannen meiner, på bakgrunn av dette, at det er nødvendig å konsesjonshandsame søknaden om utviding og modernisering av Dyrnesli kraftverk.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Høyanger kommune